

Heidelva kraftverk AS
Sundal kraftverk AS
Kviven kraft AS
Skjåstad kraft AS
Vågen kraft AS
Ytre Høydal 6110 Austefjorden

Øvsteberget 12 mai 2014

Olje og Energidepartementet
Postboks 8148 DEP
0333 Oslo

Høringsuttale – Kontrollstasjon 2015.

Viser til høringsbrev av 11.02.2014 det det blir bedt om innspel til kontrollstasjon 2015.

Våre kraftverk er eigd av lokale grunneigarar, 30 familier ute i distriktet i Ørsta og Volda kommuner. Kraftverka produserer årlig 52 GWh vasskraft og er elvekraftverk uten magasin. Kraftverka er utbygd ut i 1998, 2004, 2005, 2006 og 2007.

Vi merker oss at vi er inne i ei periode med tung politisk innblanding i eit tidligare velfungerende kraftmarkedet. Det gjelder både i Norden og store i deler av Europa. Stor politisk innblanding i kraftmarkedet i kombinasjon med økonomiske nedgangstider i Europa har fått store konsekvenser for oss økonomisk.

Hovedmålet med elsertifikatordninga er å gjennomføre politiske målsetningane om 26,4 TWh ny kraft i Norge/ Sverige innen 2020, Parallelt med prosessen med å få på plass elsertifikat markedet vart det store endringer i det Nordiske kraftmarkedet. Markedet for den planlagde nye krafta vart borte vekk i samme tidsrommet og like etter at den politiske prosessen var ferdig. For å kompensere for dette er det ikkje lagt til rette for tilstrekkelig eksport av kraft til marked som har den betalingsvilje som det er behov for.

Oversubsidiert fornybar kraft skipler markedsmechanismene, solceller og vindkraft utløyser balanseproblemer i Europa som får store følger den som skal lage rein kraft av smeltevatnet i Norge.

1. Kraftverk bygt i perioden 01.01.2004 til 07.09.2009 var lova å delta i el.sertifikatordninga av eit samla Storting fleire gonger og denne lovnaden må stå ved lag for å unngå ei økonomisk katastrofe for mange kraftprodusentar.
2. Det er ulike tidsplaner for å kunne delta i det felles el.sertifiaktmarkedet, dette må vere samordna for at markedet skal ha like vilkår.

3. Forholda for å knyte seg til høgspent nettet er ulikt i det felles elsertifikat og kraftmarkedet og må vere samordna for at markedet skal ha like vilkår.
4. Målsetninga i elsertifikatmarkedet med 26,4 TWh innen 2020 er for stor, det Nordiske kraftmarkedet er ikkje forberedt på å ta imot så mykje ny kraft etter finanskrisa. Kraftforbruket har stagnert og gått litt ned. Med auka kraftproduksjon i Norden uten at det er lagt til rette for eksport av den nye krafta vil eksisterande kraftprodusenter lide store økonomiske tap framover.
5. Avskrivning og skattevilkår må vere like i samme kraft og elsertifikatmarked. Slik det er i dag har enkelte grupper av kraftprodusenter med spesielle avskrivning og skattevilkår noko som øydelegg eit velfungerande kraftmarked. Det er ikkje den rimeligaste teknologien som kjem først inn i markedet slik meininga var, men den krafta med dei beste rammevilkåra.
6. Elsertifikatprisen må vere lavare inntil markedet er klar til å ta imot meir av den nye krafta. Når kraftmarkedet er i balanse kan elsertifikatprisen aukast slik at vi får inn ny kraft. Kraftprodusentane uten magasin som skal lage kraft av smeltevatn til det europeiske kraftmarkedet møter oversubsidiert sol og vindkraft i samme kraftmarked. Sammen med for høgt ambisjonsnivå i det Nordiske el.sertifikatmarkedet er dette ei økonomisk katastrofe for eksisterende kraftprodusenter.

Med helsing Trond Ryslett

Ytre Høydal

6110 Austefjorden

Styreleder i Heidelva kraftverk AS, Sundal kraftverk AS, Kviven kraft AS, Skjåstad kraftverk AS og Vågen kraft AS

www.elvekraftverk.no